



Kjartan Sletten  
Skauvegen 401 A  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18361 - 20/74197

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
19.11.2020

## Adresseendring Skauvegen 401

**Administrativt vedtak: Saknr: 1253/20**

### VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring.

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
45/1	H0101 (B)	Skauvegen 401A	Skauvegen 401
45/1	H0102 (B)	Skauvegen 401B	(sletta )

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### Saka gjeld

I samband med sak 20/16615 om endring av bygningstype og sletting av brukseining i ditt våningshus er det nødvendig å utføra adresseendring.

### Vurdering


Adresseendringa kjem som ei direkte fylgje av bygningsendringa og vert utført saman med denne.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling, og adresseendring vert difor utført. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Skauvegen.

Adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig filvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/11-Skilting/113-Adresseskilt-og--merker/1133-Adressenummerskilt/>

### Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/18361»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kjartan Sletten  
Ragnhild Sletten

Skauvegen 401 A  
Skauvegen 401 A

5957 MYKING  
5957 MYKING